



Arkivnr: 2014/557-60
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		

Administrasjonen sitt forslag til budsjett 2015 for fylkeseldrerådet

Samandrag

Fylkeseldrerådet fekk 325 000 kr budsjettert for 2014. Administrasjonen har utarbeida eit forslag til budsjett for 2015 der ramma er 325 000 kr.

Oppsettet til budsjettet er slik:

- Etter prosjekt: Dei fire hovudområda til rådet har fått kvart sitt prosjekt; Rådsmøter, AU, Kurs og konferansar og Eigne arrangement. I denne oppsettinga kan ein sjå kostandar og inntekter på kvart prosjekt, samt kva type kostnadar som er knytt til prosjektet.
- Etter konto: Ein oversikt over kvar konto, med kostnad til kvart prosjekt.

Med i oversikta er forslag til Budsjett 2015, Rekneskap 2014 (per 061114), Budsjett 2014 og Avvik. Avviket gjeld skilnad mellom Rekneskap 2014 og Budsjett 2014.

Punkter som har vore med i berekninga:

- Ingen tur til utlandet.
- Erfaringar gjort i 2014 med fokus på avviket mellom budsjett og rekneskap.

PS 258/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 vart handsama i fylkesutvalet 19.11.2014 og saka skal vidare til fylkestinget 09.12.2014. I fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett for 2015 er fylkeseldrerådet gitt 400 000 kr med slik forklaring: «*Budsjettet er auka med kl 75 000 i høve til 2014. Auken har m.a. samanheng med at fylkeseldrerådet skal arrangere konferansen for «Vestlandssamarbeidet» i 2015.*»

Da endeleg vedtak i saka ikkje er gjort enda er det i administrasjonen sitt forslag til budsjett for fylkeseldrerådet ikkje teke omsyn til auka på 75 000 kr eller Vestlandssamlinga.

Forslag til avgjerd

Med atterhald i fylkestinget sitt vedtak i PS 258/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 (saksnummer frå fylkesutvalet) vedtek fylkeseldrerådet slikt budsjett for rådsarbeidet i 2015:

Birte Markeseth Aasen
Leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.